

MERKNADSSKJEMA – Forslagsstillar sine kommentarar til merknader ved planoppstart.

Prosjektnummer: 5381
Plannamn: Detaljregulering for E51 - Krokenesvågen – Vanylven kommune
Arealplan-ID: 1511-202304
Utarbeidd av: Mulvik AS
Dato/revidert: 10.04.2025

Nr	Dato	Avsender	Oppsummering	Kommentar
1.	10.06.2024	Statens Vegvesen	a) Ingen merknad så lenge ein legg føresegner og føringar i kommuneplanen til grunn for planlegginga. b) Vegen Krokneset er privat med avkøyrsløse frå Fv. 61. Auka/endra bruk krev difor løyve dersom den ikkje er godkjent gjennom reguleringsplan. Tilrår difor å innlemme Krokneset med avkøyrsløse i reguleringsplanen. Alternativt nytte rekkeføljekrav om at ny utbygging ikkje kan skje før eit slikt løyve frå vegmyndigheitene ligg føre.	a) Teke til orientering. b) Plangrensa er ikkje utvida. Det planlagde tiltaket er svært avgrensa og tilfører ikkje meirtrafikk av betydning for vegen Krokneset med av-køyrsløse frå Fv61. Ein har i staden teke inn rekkeføljekravet i føre-segna. Tryggleiken i avkøyrsløse er elles utgreidd i planomtalen kap.5.9 og 8.9.
2	18.06.2024	Mattilsynet	a) Ser inga konflikt med private brønner i området. b) Det finst ingen akvakulturanlegg i nærleiken.	a) Teke til orientering b) Teke til orientering
3.	01.07.2024	Møre og Romsdal fylkeskommune	a) Ingen merknadar knytt til kulturminne i sjø. Ved funn av kulturminne skal det varslast til Bergens sjøfartsmuseum og arbeidet i planområdet må stoppast. b) I høve til trafikktryggleik; omtale må ta føre seg heile arealet innanfor plangrensa og influensområdet. Vurderingane må omfatte noverande/eksisterande situasjon, omtale av planforslaget, verkningar av planforslaget og eventuelle avbøtande tiltak. c) Samd med SVV om at ved auka/endra bruk bør plan-området bli utvida. Avkøyrsløsen må vere i tråd med SVV si handbok N100, samt ha rekkeføljekrav til utbetring av avkøyrsløsen. d) Frisikt må visast i plankartet. e) Det er rekkverk i siktsona i avkøyrsløsen mot vest. For eksisterande sikhindrande rekkverk kan ei løysing vere å fjerne rekkverket, eller flytte det ut av frisiktsona. f) Dersom planforslaget krev fråvik, må fråviket vere behandla før planforslaget kan bli vedtatt. Om fråvik ikkje blir avklart tidleg nok, kan fråvik som ikkje blir godkjent føre til forseinkingar i planprosessen.	a) Teke til orientering og implementert i føresegnene. b) Teke til orientering og greia ut i planomtalen. c) Sjå kommentar til 1 b) ovanfor. d) Er vist i plankartet. e) Sjå kommentar til 1 b) ovanfor. f) Sjå kommentar til 1 b) ovanfor.
4.	Revidert innspel 16.08.2024	Lina Grisiene	a) Peikar på at dei ser positivt på denne reguleringa, men ynskjer ikkje utgifter i samband med dette.	a) Teke til orientering. Etter pålegg frå kommunen inngår likevel gbnr. 38/13 i planen og er foreslått regulert til naust/rorbu.

Rådg. ing. Mulvik AS

Holmen 7, 6100 Volda
Tlf: 70 07 49 90 • Web: www.mulvik.no • firmapost@mulvik.no
Organisasjonsnr: 932 102 978 MVA • Bank: 3991.05.52205

PROSJEKTERING ■
BYGGELEDELSE ■
OPPMÅLING ■
TAKSERING ■



5.	Revidert innspel 20.08.2024	Hallgjerd Osnes på vegne av Osnes Sameie	a) Positive til planen og ønsker fortsatt godt samarbeid med familien Haugen, men ber om at muren i bytet i minst mogleg grad vert berørt av frisktlinja. Ønsker synfaring. b) Alle har rett til fri ferdsel gjennom eigedomen, men over tid har manglande vedlikehald gitt djupe spor i vegbana til problem for småbilar. Bekymra for om planen medfører auka kostnader og ønsker at reparasjon og framtidig vedlikehald vert avklart i planen. c) Vil ha varsel om utbygging og endringar som kan påverke deira eigedom d) Osnes sameige ser på utfylling i sjø som naturstridig. På motsatt side av Kroknesvågen ligg Mjågeneset som er eit verna område av 38/1 (H.Osnes). Ber om at dette blir tatt omsyn til og at det blir varsla.	a) Muren vert svært lite berørt – truleg ikkje i det heile. Kravet til friskt i avkøyrsla er i hovudsak innfridd pr. i dag. Synfaring er OK. b) Dette er eit privatrettsleg forhold der det etter vårt syn bør skipast eit veglag som fordeler kostnadane på dei ulike bruka. Planen i seg sjølv vil ikkje føre til særleg meirbelastning på vegen. c) Nye bygningar skal nabovarslast og omsøkast ih. Tek17 på vanleg måte. Reguleringsplanen i seg sjølv er ikkje nok. Den legg berre rammene for framtidige søknadar om tiltak. d) Alle søknadspliktige tiltak skal varslast i samsvar med reglane i plan- og bygningslova. Det er kun snakk om heilt marginal utfylling/muring i sjø og ikkje noko i grensa mot Osnes.
6.	08.07.2024	Torstein Haugen	a) Peikar på at ein må kome fram til ein ordentleg avtale om vegrett, der det kjem fram avtalar om bruk og vedlikehald. b) Ønsker ingen utgifter i samband med reguleringa.	a) Vegrett er eit privatrettsleg forhold som eigarane kan løyse gjennom å etablere eit veglag der også utgiftene til vedlikehald vert fordelt på dei ulike eigarane. Vegen er regulert som privat. b) Teke til orientering.
7.	17.07.2024	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	a) Ligg ikkje føre registreringar av natur eller arter på land/sjø men må vise omsyn til dette sjølv om det er ikkje markerte arter. b) Området er lågt utnytta. Utfylling i sjø er i utgangspunktet uønskt og bør minimast av omsyn til naturmangfald og landskap. c) Må gjerast ei vurdering etter naturmangfaldslova §7. d) Det må gjerast ei ROS-analyse for planområdet som ligg under marin grense og er utsett for stormflo og framtidig havnivåstigning. Fare, risiko eller sårbarheit skal merkast som omsynssone og analysen må ta føre seg klima-endringane og konsekvensane av dette. Gode løysingar, varetaking av økosystem, omsyn til opne vassvegar, blå-grøn struktur og overvasshandtering skal leggjast vekt på. e) Forureining – Ved ønske om utfylling i sjå må statsforvaltaren vurdere om dette er søknadspliktig etter forureiningslova.	a) Teke til orientering b) Teke til orientering. Det blir kun ei minimal utfylling/muring i sjø. c) Teke til orientering. d) ROS-analyse er utarbeidd basert på statsforvaltaren si sjekkliste. e) Teke til orientering.
8.	11.06.2024	NVE	a) Peikar på at er store delar av område omfatta av aktsemssone for kvikkleire.	a) Det er gjort geoteknisk vurdering i forhold til kvikkleire i området. Sjå rapporten som er i vedlegg nr. 9.
9.	20.03.2025 (varsla i etterkant og tilsendt første utkast til planframlegg)	Fiskeridirektoratet	a) Vurderer at planforslaget ikkje vil kome i vesentleg konflikt med fiskeriinteressene sine bruksområde men planen må ta omsyn til kysttorskens sin gytesuksess og F.dir bed om at gytefeltet for kysttorsk blir hensyntatt i planarbeidet. b) Tilrår at utfylling i sjø som kan medføre spreiding av partiklar i vannmassene og/eller undervannsstøy, ikkje blir gjennomført i tidsrommet 1 februar til 1 juni og at Havforskningsinstituttet (HI) sine generelle tilrådingar leggjast til grunn. c) Det skal brukast siltskjørt/-gardin eller tilsvarande for å hindre/reducere spreiding	a) Teke til orientering. b) Teke inn i føresegnene. c) Teke inn i føresegnene. d) Teke inn i føresegnene. e) Teke inn i føresegnene. f) Dette er no retta i samsvar med innspel.

			av partiklar ved utfylling i sjø. d) Ved utfylling i sjø må det takast særskilt omsyn dersom det står låssatt fisk innanfor låssettingsplassen, og fiskeriaktørane skal varslast i forkant. e) Dersom det planleggast å nytte fyllmasse frå område med fare for sulfidhaldige bergartar, må tiltakshavar sjå til at dette kontrollerast før utfylling. Stein frå sulfidhaldige bergartar reknast ikkje som reine. f) Kritisk til vår formulering i utkastet til planomtale kapittel 8.6.	
--	--	--	--	--